

Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

25. februar 2020 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8 kl. 19:00

Til stades på møtet var 13 personar til og med sak 3, 14 personar frå og med sak 3. Alle oppmøtte hadde røysterett. Skrivar: Anbjørg Myhra Bergwitz

SAK 1 OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

1.2 Val av møteleiar

Vedtak: Rita Sirirud Vatnehol vald til møteleiar.

1.3 Val av skrivar

Vedtak: Anbjørg Myhra Bergwitz vald til skrivar.

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Karianne Johansen samrøystes valde.

1.5 Val av teljekorps

Vedtak: Sissel Seland og Fredrik Hope samrøystes valde.

SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2018

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

Desse hadde ordet i saka: Aleksander Breiby Herset, Anne Cathrine Johansen, Sissel Seland, Rita Sirirud Vatnehol

Meldinga frå Styret i Leikarringen vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge. Rita Sirirud Vatnehol tilføyde informasjon om kva Ungt leiarskap (omtalt i punkt 1.10) er.

Framlegg til endring i punkt 1.10: Tilføye eit punkt om at Leikarringen deltok på Framsyningskappleiken under Jubelleik.

Årsmøtet tok meldinga frå styret til vitande, med eitt framlegg til endring, som nemt over.

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

Meldinga frå Rådet i Leikarringen vart presentert av medlem i Rådet, Anbjørg Myhra Bergwitz.

Årsmøte tok meldinga frå Rådet til vitande, utan kommentarar.

2.3 Melding frå Søndansen

Framlegg til endring i meldinga: Rette opp i årstal og skrivefeil

Årsmøte tok meldinga frå Søndansen til vitande, med eitt endringsframlegg til endring, som nemnd over.

2.4 Melding frå Bunadnemnda

Desse hadde ordet i saka: Fredrik Hope, Anne Cathrine Johansen

Meldinga frå Bunadnemnda i Leikarringen vart presentert av medlem av nemnda, Anne Cathrine Johansen.

Det vart stilt spørsmål om kor mange bunadar Leikarringen eig. Anne Cathrine opplyste at det er en del herrebunader, i ymse storleikar. I tillegg har vi to damebunader som kan brukast. Ønskje om at ein spesifiserer dette i neste års melding frå bunadsnemnda, slik at ein kan sjå det i samanheng med balansen. Inga endring i meldinga.

Årsmøte tok meldinga frå Søndansen til vitande, utan endringar.

2.5 Hundreleiknemnda

Desse hadde ordet i saka: Fredrik Hope, Audun Grüner-Hegge, Solveig Brekke Hauknes, Anne Cathrine Johansen, Ruth-Edith Grimstad

Meldinga frå Hundreleiknemnda vart presentert av medlem av nemnda, Anbjørg Myhra Bergwitz

Det vart kommentert at det var veldig positivt at gamle medlemer, som ikkje har vore aktive på mange år, har vore med på mange arrangement. Årsmøtet kom med attendemelding om at Hundreleik var eit bra konsept, at det er positivt at man klarer å gjere det på ein måte som gjer at det blir meir aktivitet i laget generelt. Inga endring i meldinga.

Årsmøte tok meldinga frå Hundreleik-nemnda til vitande, utan endringar.

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjend med dei kommentarane over og ei endring i meldinga til Søndansen.

SAK 3 REKNESKAP FOR 2019

3.1 Rekneskap & 3.2 Balanse

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Karianne Johansen, Sissel Seland, Fredrik Hope, Anbjørg Myhra Bergwitz, Rita Sirirud Vatnehol, Anne Cathrine Johansen

Rekneskap og balanse vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge. Han opplyste om at rekneskapen per no ikkje er endeleg revidert. Det vart presisert at Hundreleik-nemnda har ført eige rekneskap, dette vart presentert av Karianne Johansen.

Kommentarar til rekneskapen:

- Det var ein del diskusjon og kommentarar knytt til føringa av utgifter og inntekter i samband med Hundreleik. Karianne og Audun gjorde greie for dei spørsmåla som kunne besvaras direkte i møtet. Og konklusjonen frå leiaren er at Leikarringen har brukt 140 000,- på Hundreleik, grovt regna, som er 90 000,- meir enn opphavelig budsjettert. Det kom då innspel om at ein sjølvstøtt bør vere forsiktig, men at det er ein investering som er verdt å bruke midler på. Noko som også var forankra i Årsmøtet 2019.
- Det kom óg innspel om at styret bør avklare med lagskontoret bokføring slik at det er lettere for medlemmer å forstå rekneskapen. Anne Cathrine Johansen informerte då årsmøtet om at lagskontoret har hatt utfordringar med bytte av system det siste året. Styret håper at innføring av nytt rekneskapssystem vil gje ein betre oversikt til neste årsmøte. Konklusjonen frå årsmøtet var at det høyrer ut som om det betrar seg, men at det bør vere meir transparent, slik at ein ikkje får seg uventa overraskelsar.
- Årsmøtet er einig i at ein skal bruke pengar på å honorere musikarar og instruktørar, men stilte spørsmål om kva honorarsatsane i dag er. Styret gjorde rede for dette i møtet.
- Årsmøtet oppfordra styret til å sjå på å utnytte potensialet i lysing/blestarbeid meir enn det ein gjer i dag. Til dømes promotering i sosiale medier.
- Oppmoding frå årsmøtet at styret gjer rede for kva forsikringskostnaden rommer og kva verdien på bunadene er.
- Det kom óg eit framlegg om å sjå på fordeling av midlane våre, om desse skal investerast på ei anna måte eller om det eksisterar nokre klausuler i fondskontoen.

Vedtak: Årsmøtet tok regnskapen for 2019 til vitande, med dei nemnde kommentarane over.

SAK 4 PLANAR

4.1 Planar for 2020

Desse hadde ordet i saka: Aleksander Breiby Herset, Fredrik Hope, Audun Grüner-Hegge

Planar for 2020 vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge.

Vedtak: *Årsmøtet vedtok enstemmig planane for 2020.*

SAK 5 ENDRING AV LOVA

Saka vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge.

Framlegget kom som resultat av ei oppmoding frå årsmøtet 2019 om å presisere at varamedlemene vert rangert som 1. og 2. vara.

Vedtak: *Årsmøtet vedtok styret sitt framlegg til endring av lova, utan kommentarar.*

SAK 6 ENDRING AV STYRINGSFØRESEGNENE

Desse hadde ordet i saka: Anne Cathrine Johansen, Ruth-Edith Grimstad, Rita Sirirud Vatnehol

Saka vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge.

Framlegg til vedtak

Frå Styret i Leikarringen: Framlegg om å stryke §10 i styreføresegnene

Frå Anne Cathrine Johansen: Framlegg om følgande endring i styreføresegnene §10

Barnelaget er sovande og lagt administrativt under Leikarringen.

Vedtak: *Årsmøtet vedtok einstemmig Anne Cathrine Johansen sitt framlegg til endring i styreføresegnene §10.*

Som følge av vedtaket om endring av §10, vedtok årsmøtet einstemmig at følgande punkt i styreføresegnene óg vart strokne:

- Punkt 1 i paragraf 1
- Punkt 4d og 4e i paragraf 14

SAK 7 MEDLEMPENGAR FOR 2021

Saka vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2021 vert ståande uendra.

SAK 8 BUDSJETT FOR 2020

Desse hadde ordet i saka: Anne Cathrine Johansen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Karianne Johansen, Hanna Løken, Fredrik Hope

Budsjettet vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge

Det blei diskutert om ein skulle definere ein større post til stønad i samband med deltaking på kurs og kappleikar. Og det kom innspill om at styret skal oppfordre folk til å søke om midler, og i tillegg fastsette frister for søknad og finne ein passende form på fordeling av midlar til den typen søknadar.

Framlegg til vedtak

Frå Anbjørg Myhra Bergwitz:

Auke post 7715 med til fra 5 000,- til 10 000,-

Vedtak: Årsmøtet vedtok einstemmig Anbjørg Myhra Bergwitz sitt framlegg til endring i budsjettpost 7715 - Kurs.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2020, med dei nemnde kommentarane og endringa, over.

SAK 9 VAL

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

Styret i Leikarringen:

Leiar (eitt år): Audun Grüner-Hegge

Ein styremedlem (to år): Simon Hesselberg Løvald

Ein styremedlem (eitt år): Aleksander Breiby Herset

To varamedlemer (eitt år):

1. Gyda Gaarder Tøraasen
2. Synnøve Bryde

Ikkje på val i 2019: Solveig Brekke Hauknes

Merk - det er gjort eit unntak frå styringsføresegnene for styremedlem Aleksander Breiby Herset, han er berre vald for eitt år.

Bunadnemnda (valt for eitt år):

Åse Wethal Holen, Anne Cathrine Johansen, Sigrid Kjølbi

Rådet i Leikarringen:

Anne Cathrine Johansen (valt for to år) og Rune Hernes Bjerke (valt for to år) og Karianne Johansen (ikkje på val), Lasse Pettersen (ikkje på val) og Anbjørg Myhra Bergwitz (ikkje på val).

Valnemnd for 2020 (valt for eitt år):

Torbjørn Bergwitz Lauen, Henrik Kamphus og Anbjørg Myhra Bergwitz



17/3-20 OSLO

Dato, underskrift

Anne Cathrine Johansen



17/3-20, Oslo

Dato, underskrift

Karianne Johansen